

1

På denne bakgrunn er det at det offentlege sparar liv, javel – men kven sine liv er det som blir sparde? Og svaret er dessverre lett å finne: Dei trafikkfarlege bilførarane sine liv er det som oftast blir sparde takka vere den utbreidde bruken av bilbeltet. Primærfunksjonen til bilbeltet er å berge livet til sjåføren. I praksis har samfunnet gjennom lovverk og trafikkopplæring mv vore av den oppfatning at akkurat hans liv var ekstra verneverdig.

2

Men også meir private interesser som til dels dei interessene bilfabrikkane står for, har sett det slik. Ulykker der materiellet blir skadd, men bilføraren overlever, aukar nemlig det totale bilforbruket. Hadde Norge produsert bilane sine sjølv, kunne dette synet vore eit samfunnsyn ein måtte stø opp om, men i dag er det slik at Norge er importør av bilar. Det stillar saka i eit anna lys.

3

Offisielt fører vi ein trafikkpolitikk som går ut på å verne barn, syklistar og gåande folk, såkalla mjuke trafikantar, men bilbeltebruk står i skarp motsetnad til denne politikken. Bilbeltet gir et vern og ei kjensle av tryggleik til bilføraren og det gjer såleis han som hard trafikant blir endå hardare og meir usårleg. Med si større overlevingsevne kan han nå meir risikofritt køyre ned mjuke trafikantar og/eller ramponere køyretøya til konkurrerande bilistar.

4

Dette står i sterk motsetnad til det som ville ha skjedd – om ein ser på dei statistiske sjansane – dersom vi ikkje hadde hatt den nåverande utstrekte bruken av bilbeltet: Dei trafikkfarlege bilistane ville då etter ei tid ha utsyrdd seg sjølve – eller dei ville ha slutta å vere trafikkfarlege på andre måtar. Frå samfunnssynstad ville dette vere det ideelle.

5

Ser ein på ugiftene til eit sykehusdøger – døgerprisen er ca kr 1.000 – og jamfører denne med den eingongsutgifa trygdekontoret betaler til familien for ei gravferd, ca kr 2.000, er det klart det fell billigast om desse bilistane berre forsvinn.

6

Ein vil etter ei tid også finne at desse sjølvutryddingshendingane har ein viss dempende verknad på køyringa til andre bilistar, slik at trafikken generelt vil avta. Dette vil føre til ein nedgang i bensinforbruket. I desse energisparetider er det ein allment ønskjeleg verknad.

7

Vel så viktig er likevel den nasjonaløkonomiske verknaden av at den valutakrevjande bilimporten vil gå drastisk ned i takt med bortgangen av bilistar som havarerer eller lignande utan bilbelte.